



--

Arkiv saknr:	2020/670
Løpenr.:	1591/2020
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Oppvekst- og velferdsutvalet		

Sakshandsamar: Kari Dalen

Drøftingssak - kjøkenfunksjonar

Vedlegg:

- 1 Drøftingssak - kjøkenfunksjonar -underlag

Dokument i saka:

St. meld nr. 15. Leve Hele Livet – en kvalitetsreform for eldre

Bakgrunn:

Mat og måltid er eit av områda Leve Hele Livet – ein kvalitetsreform for eldre fokuserar på. Området har også stor merksemd lokalt, med engasjement knytt til organisering, kor og på kva måte middagsmat skal produserast.

Vinje kjøkendrift og Helse og omsorg er to sidestilte einingar. Organisering har vore uforandra sidan 2002 då Vinje kjøkendrift blei etablert og nye produksjonsmetodar blei tatt i bruk. Helse og omsorgseininga har i same periode vore gjennom fleire omstillingar, og har gjennom åra gått frå fire til dagens eine, store eining. Begge einingane har ansvar for å sikre kvalitet i tenestetilbodet på dette området. Begge einingane har også ansvar for å sikre naudsynt internkontroll.

Ernæring og måltid har hatt stort fokus over fleire år. Det er i Helse og omsorg innført verktøy for kartlegge ernæringstilstand for å motvirke underernæring. Det er også innført det som kallast det fjerde måltid for å sikre at ikkje nattfasten blir for lang. Vinje kjøkendrift produserar middagsmåltid som saman med øvrige måltid skal ivareta det samla næringsbehovet.

Det er lokalt og nasjonalt fokus på at avstand frå produksjonsstad til der maten blir servert skal vere kort. Dette skaper engasjement også lokalt. Det er ynskje om at middagsmaten skal

produserast der pasient/bebuar er, for å stimulere matglede og trivsel. Ei slik endring vil krevje endring av dagens organsiering og produksjonsform.

Temaet er omfattande. OVU får underlagsmateriale til å drøfte temaet før sak blir lagt fram for utvalet for vedtak.

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

Rådmannens framlegg til vedtak:

--

Rådmannen, 28.01.20

Jan Myrekrok, rådmann /s/